



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 26 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2022 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 25. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2022 i samsvar med punkt 2 og 3 nedanfor.

2 Omtale av forslag til utgiftsendringar

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 555 000 kroner, frå 490,1 til 489,6 mill. kroner, for inndekning av forslag om å auke løyvinga til administrasjonsstøtte for distriktsretta såkornfond, jf. omtale under kap. 2421, post 78.

Post 27 Etablering av støtteregister

Det blei løyvd 22,6 mill. kroner for 2022 til etablering av eit støtteregister. Ein oppdatert og meir moderne versjon av det allereie etablerte Registe-

ret for offentlig støtte, forvalta av Brønnøysundregistra, blei peikt på som ei mogeleg tilnærming. Det har vore krevjande å vurdere korleis ei slik tilnærming kan samordnast med det arbeidet som skjer i prosjektet *Digitilskudd*. Oppstart av etablering av registeret er derfor forsinka, og midlane er ikkje brukt. Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering i løyvingsreglementet og samstundes sikre kontinuitet i arbeidet i første halvår 2023, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 13,2 mill. kroner, frå 22,6 til 9,4 mill. kroner, og i tillegg tilføye stikkordet «kan overførast» på posten for 2022, jf. forslag til vedtak II, 1.

Post 71 Miljøtiltak Raufoss

I 2022 er det løyvd 4 mill. kroner til refusjon av utgifter til pålagde miljøtiltak ved opprydding av historisk forureining på Raufoss og i Mjøsa. Basert på oppdatert informasjon er det samla behovet 2 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, frå 4 til 2 mill. kroner.

Post 80 Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utanlandsk arbeidskraft

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, frå 5 til 1,5 mill. kroner. Endringa er basert på at det er få klagesaker igjen som kan gi utbetalingar under ordninga.

Post 82 Mellombels støtteordning for publikumsopne arrangement

Ordninga blei oppretta i 2021 med ei ramme på 350 mill. kroner. Den blei vidareført for første halvår 2022 med ei ramme på 85 mill. kroner. Gjennom revidert nasjonalbudsjett 2022 blei ramma redusert til 30 mill. kroner. Ordninga er no avvikla. Innovasjon Noreg har i 2022 innvilga 13 mill. kroner i tilskot under ordninga, og dette er i hovudsak betalt ut. Det må reknast med nokre midlar til forvaltning av ordninga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 16,5 mill. kroner, frå 30 til 13,5 mill. kroner.

Kap. 902 Justervesenet

Post 01 Driftsutgifter

Koronapandemien har medført lågare reiseutgifter. Dei reduserte utgiftene kan likevel ikkje motsvare dei reduserte inntektene frå gebyr og sal av tenester, då Justervesenet i perioden har hatt utgifter sjølv om dei ikkje kunne gjere inntektsgjevande oppgåver som tilsyn. Dette gjeld mellom anna utgifter til løn og andre faste kostnader. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, frå 128,1 til 126,1 mill. kroner.

Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 01 Driftsutgifter

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard forventar ikkje å bruke den totale løyvinga for 2022. Årsaka til lågare forbruk er i hovudsak lågare lønnskostnader som følgje av fleire oppseiingar, og at det tek tid å tilsetje nye medarbeidarar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 300 000 kroner, frå 61,4 til 61,1 mill. kroner.

Post 30 Sikrings- og miljøtiltak, kan overførast

Det er gitt ei løyving på 10,9 mill. kroner i 2022 og overført om lag 1 mill. kroner frå 2021. Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard ventar å bruke om lag 8 mill. kroner i løpet av året. Årsaka til at forbruket ikkje blir høgare i 2022, er at fleire tiltak tek lengre tid enn venta som følgje av eksterne forhold eller manglande interne ressursar til oppfølging. Dette gjeld mellom anna mogleg sikringsarbeid i Arendal, innkjøp knytt til opprydding i Follidal og sikringsarbeid ved Knaben gruver.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 3,5 mill. kroner, frå 10,9 til 7,4 mill. kroner.

Post 31 Miljøtiltak Løkken, kan overførast

Det er gitt ei løyving på om lag 7 mill. kroner i 2022 og overført 2,6 mill. kroner frå 2021. Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard ventar å utbetale om lag 4,3 mill. kroner i løpet av året. Årsaka til at utbetalingane ikkje blir høgare i 2022 er mellom anna manglande interne ressursar til oppfølging av tiltak.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, frå 7 til 2 mill. kroner.

Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Fleire av prosjekta har hatt lågare framdrift enn føreset, mellom anna fordi tilgangen til anlegga til Instituttet for energiteknikk (IFE) har vore avgrensa som følgje av sikkerheitsklareringar, og at rekrutteringsprosessar og anskaffingar har teke lengre tid enn planlagt. Norsk nukleær dekommisjonering har i 2022 vektlagt planlegging av overdraging frå IFE og konsesjonssøknad, mellomlagring og handtering av brukt brensel, noko som har ført til at andre prosjekt har blitt utsett.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 50 mill. kroner, frå 277,5 til 227,5 mill. kroner.

Kap. 909 Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk

Post 73 Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, overslagsløyving

Berekningane for budsjettering av ordninga bygger på faktiske utbetalingar og tal på sjøfolk for

dei fem føregåande terminane og historiske utbetalingar. Gjennom året har det vore ein auke i talet på sjøfolk og høg aktivitet i skipsfartsmarknadene. Det har særleg vore auka aktivitet i den generelle tilskotsmodellen for skip i NOR. Det ventast at den auka aktiviteten vil halda fram i fjerde termin, og det ventast i tillegg ytterlegare auka aktivitet i tilskotsmodellane for petroleumsskip i NOR og konstruksjonsskip i NIS. Vidare har det vore auka lønnsnivå blant sjøfolka i ordninga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 88 mill. kroner, frå 2 205 til 2 293 mill. kroner.

Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Sjøfartsdirektoratet har ein meirinntektsfullmakt på kap. 3910, post 03. Meirinntektene på denne posten kan nyttast til å dekkje tilsvarende meirutgifter på kap. 910, post 01.

Med bakgrunn i auka inntekter under kap. 3910, post 03 gjer Nærings- og fiskeridepartementet av omsyn til realistisk budsjettering framlegg om å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner, frå 454,6 til 460,1 mill. kroner.

Kap. 912 Klagenemndssekretariatet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje lønns- og pensjonsutgifter og andre driftsutgifter for Klagenemndssekretariatet. Løyvinga dekkjer òg honorara og andre utgifter til nemndene.

DNB Bank ASA påklaga i desember 2021 Konkurransetilsynet sitt vedtak om å forby føretakssamanslutninga mellom DNB Bank ASA og Sbanken ASA til Konkurranseskilagenemnda. Konkurranseskilagenemnda tok klagen til følge og vedtok 16. mars 2022 å oppheve Konkurransetilsynet sitt vedtak. Den 5. juli vedtok Konkurranseskilagenemnda at DNB Bank ASA sine saksomkostningar skulle dekkjast med 4,2 mill. kroner. I tillegg kjem forseinkingsrenter frå vedtakstidspunktet.

Det er ikkje gitt løyving på kap. 912, post 01 til å dekkje denne type kostnader. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å auke posten med til saman 4,4 mill. kroner, frå 35,1 til 39,5 mill. kroner.

Kap. 917 Fiskeridirektoratet

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast

Som ei følge av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9,5 mill. kroner, frå 119,2 til 128,7 mill. kroner. Ein viser òg til omtale under kap. 5574, post 74.

Kap. 919 Ymse fiskeriføremål

Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Posten gjeld kommunane og fylkeskommunane sin del av vederlag for tildelte oppdrettløyve og provenyet frå produksjonsavgifta. Regjeringa varsla i samband med revidert nasjonalbudsjett 2022 om å kome tilbake til Stortinget med endeleg løyving etter at det var tildelt nye løyve til fastpris og gjennom auksjon hausten 2022. Auksjonen blei gjennomført i oktober. Totalt vederlag frå tildeling til fastpris, vederlag frå konvertering av utviklingsløyve, vederlag frå tildeling av unntaksvekst og auksjon blei 4,28 mrd. kroner. Endeleg proveny frå produksjonsavgifta blei om lag 580 mill. kroner. Ein viser òg til omtale under kap. 3917, post 13.

I tråd med Stortingets vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 følgjer det av regelverket at kommunar og fylkeskommunar skal få 40 pst. av vederlaget frå ny kapasitet i havbruksnæringa. Regjeringa aukar overføringane til Havbruksfondet i 2022 ut over denne andelen med 800 mill. kroner, som følge av antatt redusert auksjonsproveny på grunn av framlegget om innføring av grunnrenteskatt. Regjeringa vil gjere ei varig endring slik at kommunar og fylke med havbruk skal sitje att med ein større del av inntekter frå kapasitetsvekst i havbruk. Endringa skal sjåast i samanheng med fordelinga av grunnrenteskatten.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 596 mill. kroner, frå 497 til 3 093 mill. kroner.

Departementet gjer samstundes framlegg om å tilføye stikkordet «kan overførast» på posten, jf. forslag til vedtak II, 2. Årsaka er at utbetalinga først kan skje etter at Stortinget har gjort vedtak om løyving, og det er derfor uvisse knytt til om Fiskeridirektoratet vil rekkje å gjennomføre alle utbetalingane før årsskiftet.

Kap. 922 Romverksemd

Post 51 Eigenkapital Andøya Space, kan overførast

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 127 S (2019–2020) eit vilkårsbundet tilsegn om inntil 282,6 mill. kroner i eigenkapital til etablering av Andøya Spaceport, ei oppskytingsbase for små satellittar. Regjeringa avgjorde i oktober 2021 at vilkåret for tilsegna var oppfylt. Løyvinga for 2022 på 112,7 mill. kroner var basert på eit anslag. Det er inngått ei investeringsavtale mellom Andøya Space AS og eigarane Nærings- og fiskeridepartementet og Kongsberg Defence & Aerospace, og kapitalen blir utbetalt til selskapet i fleire transjer på grunnlag av framdrifta i prosjektet. Nærings- og fiskeridepartementet har hittil tilført Andøya Space 180 mill. kroner av eigenkapitalen, av dette 127,3 mill. kroner i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 14,6 mill. kroner, frå 112,7 til 127,3 mill. kroner. Det står att 102,6 mill. kroner av tilsegna frå Stortinget, som er venta utbetalt i 2023.

Ein viser òg til omtale under kap. 922, post 76.

Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)

Kontingenten for norsk deltaking i Den europeiske romorganisasjonen ESA blir utbetalt i euro. Oppkallinga frå ESA for 2022 har vore høgare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett for 2022. Norsk Romsenter har hatt utbetalingar i euro til ESA til ein høgare valutakurs enn den som var lagt til grunn for Saldert budsjett 2022. Det har òg vore noko etterslep på posten som ikkje har blitt gjort opp for 2020 og 2021 grunna avrekningspraksis med utbetalingar til ESA seint på året.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om samla å redusere løyvinga med 4,3 mill. kroner, frå 221,5 til 217,2 mill. kroner.

Post 71 Internasjonal romverksemd

Utgifter ved deltaking i internasjonal romverksemd blir utbetalt i euro og dollar. Ved Stortinget si handsaming av Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022* blei løyvinga auka med 5,7 mill. kroner som følgje av pris- og valutajustering av utbetalinga til den europeiske romorganisasjonen ESA og forlenging av Radarsat-avtalen med Canada.

Justert oppkalling frå ESA for 2022 og høgare valutakurs tilseier eit høgare løyvingsbehov enn

det som blei lagt til grunn ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2022. Vedteke budsjett for EASP-avtalen og høgare valutakurs tilseier òg eit høgare løyvingsbehov for EASP-avtalen.

I samsvar med Radarsat-avtalen med Canada er det forventa at satellitten Radarsat-2 kan operere og levere data ut 2023. Satellitten er likevel såpass gammal at det blir vurdert som for stor risiko å betale heile beløpet allereie i 2022. Det blir derfor gjort framlegg som eit risikoreduerande tiltak at 50 pst. av beløpet til Radarsat-avtalen blir betalt i 2022 og resterande 50 pst. i 2023. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å tilføye stikkordet «kan overførast» på posten for 2022, jf. forslag til vedtak II, 3.

Det har òg vore noko etterslep på posten som ikkje har blitt gjort opp for 2020 og 2021 grunna avrekningspraksis med utbetalingar til ESA seint på året, jf. omtale under post 70.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om samla å auke løyvinga med 15,8 mill. kroner, frå 501,5 til 517,3 mill. kroner.

Post 73 EU sine romprogram

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Ved Stortinget si handsaming av Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022* blei løyvinga auka med 1,9 mill. kroner som følgje av oppdatert programbudsjett og valutakursjusteringar. Høgare eurokurs tilseier eit høgare løyvingsbehov enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 34,9 mill. kroner, frå 475,1 til 510 mill. kroner.

Post 76 Tilskot Andøya Space, kan overførast

Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 127 S (2019–2020) eit vilkårsbundet tilsegn om inntil 83 mill. kroner i regionalstøttetilskot til Andøya Space AS, for etablering av Andøya Spaceport. Tilskotet blir utbetalt i fleire transjer på grunnlag av framdrifta i prosjektet. Løyvinga på 11,3 mill. kroner for 2022 var basert på eit anslag. 56,5 mill. kroner av tilskotet er utbetalt i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 45,2 mill. kroner, frå 11,3 til 56,5 mill. kroner. Etter dette vil det stå att 26,5 mill. kroner av tilskotet Stortinget har gitt tilsegn om, som er venta utbetalt i 2023.

Post 95 Eigenkapital Space Norway AS

Space Norway AS fekk i 2019 tilsegn om inntil 101 mill. USD i eigenkapital frå staten for å etablere eit system med to satellittar i bane over polane, som skal gi døgnkontinuerleg breiband i heile Arktis, jf. Prop. 55 S og Innst. 330 S (2017–2018). Kapitalen blir tilført selskapet over fleire år, i takt med prosjektet sitt kapitalbehov. Til og med 2021 er 54 mill. USD tilført selskapet i eigenkapital.

For 2022 blei det gitt ei løyving på 82,7 mill. kroner, tilsvarende 10 mill. USD (basert på valutakurs per 1. juni 2021). Grunna forseinkingar hos underleverandørar i prosjektet har selskapet varsla at dei ikkje treng den løyva kapitalen før i 2023. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga i 2022, og tar sikte på å kome tilbake til Stortinget om behovet for endring i løyvinga for 2023. Behov for kapital i 2023 er no estimert til 47 mill. USD, tilsvarende 510,3 mill. kroner (med valutakurs per 30. september 2022). Prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2023. Med den føreslåtte løyvinga i 2023 vil heile beløpet på 101 mill. USD vere innfridd.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 82,7 mill. kroner til 0.

Kap. 923 Havforskningsinstituttet*Post 01 Driftsutgifter*

I 2021 var det ei meirutgift i oppdragsverksemda til Havforskningsinstituttet som i hovudsak gjaldt mindreinntekter knytt til oppdrag for Norad og FN sin organisasjon for mat og landbruk, FAO, som følgje av koronapandemien. Nærings- og fiskeridepartementet har bedt Havforskningsinstituttet om å dekkje inn 7 mill. kroner av meirforbruket i 2022 ved innsparing på kap. 923, post 01. Nærings- og fiskeridepartementet gjer derfor framlegg om å tilføye stikkordet «kan nyttast under post 21» til posten, jf. forslag til vedtak II, 9. Resterande meirutgift vil bli dekt inn ved innsparingar på kap. 923, post 01 i 2023 og 2024.

Post 22 Fiskeriforskning og -overvaking, kan overførast

Som ei følgje av endra anslag for inntektene frå fiskeriforskningsavgifta gjer Nærings- og fiskeri-

departementet framlegg om å auke løyvinga med 17,5 mill. kroner, frå 192,4 til 209,9 mill. kroner.

Ein viser òg til omtale under kap. 5574, post 74.

Kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram*Post 70 Tilskot*

Det er gitt ei løyving på 295,2 mill. kroner for 2022. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2022 blei det i tillegg gjort vedtak om ei tilsegnfullmakt for posten på 1 562 mill. kroner, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022). Løyvinga dekkjer utgifter til delvis norsk deltaking i investeringsprogrammet InvestEU og den norske kontingenten for deltaking i EU-programmet for den indre marknad som blir finansiert over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Løyvinga dekkjer òg etterbetalingane til EU-programmet for interoperabilitetsløysingar for europeiske offentlege institusjonar, bedrifter og innbyggjarar (ISA²), som blei avslutta i 2020.

I 2022 er det satt av 262 mill. kroner til norsk deltaking i investeringsprogrammet InvestEU. EU er forsinka i arbeidet med vilkår for Noreg si deltaking i InvestEU. På grunn av forseinkingane blir det berre utbetalt midlar til administrasjonskostnader og norsk deltaking i InvestEU-portalen i 2022, som utgjer i overkant av 1 mill. kroner. Europakommisjonen legg opp til at utbetalinga frå Noreg til InvestEU for dei tre første åra av sjuårsperioden av programmet skjer i 2023, slik at den totale løyvinga i 2023 vil utgjere om lag 523 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet tar sikte på å kome tilbake til Stortinget om behovet for endring i løyvinga for 2023.

I 2022 er det satt av om lag 33,2 mill. kroner til å dekkje kontingenten for Nærings- og fiskeridepartementet til EU-programmet for den indre marknad og etterbetalinga til ISA². Endelege tal frå EU justert for valutaendringar viser at dei faktiske utbetalingane til programma i 2022 vil utgjere om lag 34,2 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 260 mill. kroner, frå 295,2 til 35,2 mill. kroner. Forslaget inneber at tilsegnfullmakta for 2022 må aukast med same beløp som løyvinga blir redusert med. Departementet gjer derfor framlegg om å auke tilsegnfullmakta for 2022 frå 1 562 til 1 822 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 2.

Kap. 940 Internasjonaliseringstiltak

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

I samband med handsaminga av Innst. 463 S og Prop. 77 S (2021–2022) blei det gjort vedtak om å avvikle Eksportstrategirådet og mellom anna redusere løyvinga under kap. 941, post 01 med 16,8 mill. kroner og auke løyvinga under kap. 940, post 21 med 4 mill. kroner.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer no framlegg om at 2,5 mill. kroner blir flytta tilbake til kap. 941, post 01 fordi utgiftene knytt til avvikling av Eksportstrategirådet har auka i forhold til det som låg til grunn i Prop. 77 S (2021–2022). Framlegget kjem på bakgrunn av at det tok lang tid frå Prop. 77 S blei framlagt til vedtak i Stortinget og verksemda kunne bli avvikla.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 15,0 til 12,5 mill. kroner.

Post 70 Eksportfremjetiltak

Løyvinga skal finansiere dei nasjonale eksportfremjesatsingane som følgjer opp eksportreforma Heile Noreg eksporterer. Gjennom eksportreforma Heile Noreg eksporterer blei det etablert eit Nasjonalt eksportråd som skal gje råd og innspel til næringsministeren og utforme framlegg til større strategiske eksportfremjesatsingar. Rådet er satt saman av representantar frå næringslivet og partane i arbeidslivet. Nasjonalt eksportråd arbeider no med å konkretisere dei første eksportfremjesatsingane innan havvind og meir og grønare maritim eksport, i nær dialog med norsk næringsliv, slik at satsingane er godt forankra. Dette arbeidet er ikkje fullført, og det vil derfor ikkje vere mogleg å nytte alle midlane som er sett av til formålet i inneverande budsjettår.

Av omsyn til kravet om realistisk budsjettering i løyvingsreglementet og samstundes sikre kontinuiteten i arbeidet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10,7 mill. kroner, frå 45,7 til 35 mill. kroner, og i tillegg gje posten stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II, 4.

Kap. 941 Eksportstrategirådet

Post 01 Driftsutgifter

Ein viser til omtale under kap. 940, post 21. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 3,2 til 5,7 mill. kroner.

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 71 Tilskot til drift av Gruve 7, Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

I Saldert budsjett 2022 blei det gitt ei løyving på 51 mill. kroner til å dekkje underskotet frå drifta av Gruve 7. Det årlege underskotet frå Gruve 7 vil avhenge av utviklinga i kolprisen. Grunna høg kolpris i slutten av 2021 og i starten av 2022 estimerte Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS i samband med revidert nasjonalbudsjett at driftstilskotet for 2022 kunne reduserast med 10,2 mill. kroner til 40,8 mill. kroner. Fordi prisen på kol har halde seg høg utover i 2022 gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga frå 40,8 mill. kroner til 0.

Post 72 Tilskot til pensjonsforpliktingar, Mantena AS

I samband med handsaminga av Innst. 401 S og Prop. 1 S (2016–2017) blei det etablert ei tilskotsordning med ei ramme på 320 mill. kroner til ei overgangsordning i Mantena AS for eldre tilsette som ikkje fekk vidareført sitt medlemskap i Staten si pensjonskasse. I revidert nasjonalbudsjett 2022 blei løyvinga auka med 26,2 mill. kroner. Etter dette er det løyvd til saman 93,1 mill. kroner. Basert på nytt anslag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner, frå 93,1 til 91,8 mill. kroner.

Kap. 970 Kystverket

Post 30 Nyanlegg og større vedlikehald, kan overførast

For å ivareta det statlege ansvaret for fiskerihamnene er det i 2022 behov for ei omfordeling av midlane som har vore løyvd til fiskerihammer på post 60. For å dekkje forventta utgifter knytt til fiskerihamnportefølja i 2022, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å omdisponere 35,2 mill. frå kap. 970, post 60 til post 30.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 35,2 mill. kroner, frå 596 til 631,2 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg, kan overførast

Ein viser til omtale under kap. 970, post 30. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskerideparte-

mentet framlegg om å redusere løyvinga med 35,2 mill. kroner, frå 35,2 mill. kroner til 0.

Kap. 2421 Innovasjon Noreg

Post 71 Innovative næringsmiljø, kan overførast

Det framgår av Stortinget sitt løyvingreglement at framlegg om løyving som hovudregel skal vere basert på dei beløp som ein antar blir kontant ut- eller innbetalt i løpet av året. Riksrevisjonen har påpekt at det på Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjettområde har blitt overført betydelege beløp frå det eine året til det neste for enkelte løyvingar som har stikkordet «kan overførast». For posten til innovative næringsmiljø blei 143,7 mill. kroner av løyvingane frå 2020 og 2021 overført til 2022. For å redusere det ein antar ikkje vil bli utbetalt innan utgangen av 2022, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 75 mill. kroner, frå 121,9 til kr 46,9 mill. kroner.

Årets løyving vil bli binde opp i tilsegn innan utgangen av året, men hovudandelen av utbetalingane knytt til desse tilsegna, som vil bli delt opp i forhold til dokumentasjon på prosjektgjennomføring, vil bli forskyvd til året etter. Utbetalingane som vil finne stad under ordninga fram til utgangen av 2022, kan dekkjast av gjenståande løyving og dei overførte midlane frå 2021. For at ramma for Innovasjon Noreg til å gi tilsegn om støtte til nye prosjekt ikkje skal bli redusert som følgje av ein reduksjon i løyvinga, gjer departementet framlegg om ein ny tilsegnfullmakt for posten på same beløpet, dvs. 75 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 1. I kombinasjon vil desse to framlegga innebere budsjettekniske endringar som ikkje vil endre tidlegare forutsetningar for løyvinga og Innovasjon Noreg sine moglegheiter til å gi tilsegn fram til årsskiftet. Departementet vil i samband med innspel til endringar på budsjettet i 2023 vurdere om det vil vere behov for å auke løyvinga for å dekkje utbetalingar i 2023 ut over det som allereie er gitt i løyving for 2023 og eventuelle overførte midlar frå 2022.

Post 75 Grøn plattform, kan nyttast under post 50, 71 og 76

Løyvinga til Grøn plattform i Innovasjon Noreg er på 217,7 mill. kroner for 2022. Ved handsaminga av Prop. 115 S (2021–2022) fekk Innovasjon Noreg ei tilsegnfullmakt på 450 mill. kroner for å dekkje tilsegn i 2022, men som vil kome til utbetaling i seinare år. Av omsyn til kravet om realistisk bud-

sjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 103,7 mill. kroner, frå 217,7 til 114 mill. kroner. Departementet gjer samstundes framlegg om å auke tilsegnfullmakta med 135 mill. kroner, til 585 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 1.

Post 76 Miljøteknologi, kan overførast

Det framgår av Stortinget sitt løyvingreglement at framlegg om løyving som hovudregel skal vere basert på dei beløp som ein antar blir kontant ut- eller innbetalt i løpet av året. Riksrevisjonen har påpekt at det på Nærings- og fiskeridepartementet sitt budsjettområde har blitt overført betydelege beløp frå det eine året til det neste for enkelte løyvingar som har stikkordet «kan overførast». For Miljøteknologiordninga blei 437,4 mill. kroner av løyvinga frå 2021 overført til 2022. For å redusere det ein antar ikkje vil bli utbetalt innan utgangen av 2022, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 300 mill. kroner, frå 505,1 til 205,1 mill. kroner.

Utbetalingane som vil finne stad under ordninga fram til utgangen av 2022, kan dekkjast av gjenståande løyving og dei overførte midlane frå 2021. For at ramma for Innovasjon Noreg til å gi tilsegn om støtte til nye prosjekt ikkje skal bli redusert som følgje av ein reduksjon i løyvinga, gjer departementet framlegg om å auke tilsegnfullmakta for posten med same beløpet, dvs. med 300 mill. kroner, frå 750 til 1 050 mill. kroner, jf. forslag til vedtak III, 1. I kombinasjon vil desse to framlegga innebere budsjettekniske endringar som ikkje vil endre tidlegare forutsetningar for løyvinga og Innovasjon Noreg sine moglegheiter til å gi tilsegn fram til årsskiftet. Departementet vil i samband med innspel til endringar på budsjettet i 2023 vurdere om det vil vere behov for å auke løyvinga for å dekkje utbetalingar i 2023 ut over det som allereie er gitt i løyving for 2023 og eventuelle overførte midlar frå 2022.

Post 77 Tilskot til verksemder som har hatt inntektsfråfall i samband med krigen i Ukraina

Ved handsaminga av Prop. 78 S og Innst. 270 S (2021–2022) blei det løyvd 55 mill. kroner til denne tilskotsordninga. Innovasjon Noreg er tilskotsforvaltar og administrerer ordninga.

Etterspurnaden etter ordninga har så langt vore låg. Søknadsfrist for ordninga er 1. desember 2022 og siste frist for å gi tilsegn om støtte er 31. desember 2022. Det er usikkert kor mykje tilskot som til slutt vil bli innvilga og utbetalt i 2022. Det

er grunn til å anta at det vil være nokre oppfølgingskostnader og utbetalingar, eventuelt tilbakebetalingar, i 2023. På grunnlag av usikker utbetalingstakt gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om stikkordet «kan overførast» på posten, jf. forslag til vedtak II, 5.

Post 78 Administrasjonsstøtte for distriktsretta såkornfond

Innovasjon Noreg har tidlegare i 2022 innvilga og utbetalt 162 000 kroner til eit distriktsretta såkornfond som fekk etterutbetalt støtte for 2021.

Årets ordinære tilskotsutbetalingar er berekna ut frå dokumenterte kostnader til forvaltning i 2021 i dei to gjenverande såkornfonda og utgjer samla 1,37 mill. kroner. Dette betyr at det er eit meirbehov på 555 000 kroner på posten i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 555 000 kroner, frå 975 000 til 1 530 000 kroner.

Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp kort- og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig

av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong. Innovasjon Noreg tar opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa, og akkumulert. Løyvinga vil variere meir som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna enn som følgje av endringar i utlånsvolum. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet 2022 er basert på innlån som er teke opp fram til medio oktober 2022 og anslag på innlån for resten av året. Innlåna er anslått å bli høgare enn det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2022. Ein gjer òg framlegg om å auke avdraga, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,4 mrd. kroner, frå 61,6 til 69,0 mrd. kroner.

Kap. 2429 Eksportkredittordninga

Post 90 Utlån

I Saldert budsjett 2022 blei det løyvd 6 mrd. kroner til utlån under staten si eksportkredittordning. Det er betalt ut mindre i utlån enn venta i løpet av året. Nytt anslag for utlån under ordninga er 5 mrd. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1 mrd. kroner, frå 6 til 5 mrd. kroner.

Kap. 2440 og 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemdaTabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2022 under kap. 2440 og 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda¹

(i mill. kroner)				
Kap./ post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving	Forslag til ny løyving	Endring ¹
Kap. 2440				
Post 30	Investeringar	27 000	28 000	1 000
	Sum kap. 2440	27 000	28 000	1 000
Kap. 5440				
U.post 24.1	Driftsinntekter	431 500	662 900	231 400
U.post 24.2	Driftsutgifter	-40 900	-73 100	-32 200
U.post 24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 700	-2 000	-300
U.post 24.4	Avskrivningar	-26 100	-26 100	0
U.post 24.5	Renter av staten sin kapital	-2 300	-2 400	-100
Post 24	Driftsresultat	360 500	559 300	198 800
Post 30	Avskrivningar	26 100	26 100	0
Post 80	Renter av staten sin kapital	2 300	2 400	100
Post 85	Renter av mellomregnskapet	0	0	0
	Sum kap. 5440	388 900	587 800	198 900
SDØE sin kontantstrøm:				
	Innbetalingar ²	431 500	662 900	231 400
	Utbetalingar ³	69 600	103 100	33 500
	Netto kontantstrøm frå SDØE	361 900	559 800	197 900

¹ Beløpene i tabellen er runda av til næraste 100 mill. kroner.

² Innbetalingar = driftsinntekter

³ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter + investeringar

Anslaget for kap. 2440, underpost 30 Investeringar er auka med 1 000 mill. kroner, til 28 000 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av høgare utbyggingsinvesteringar for fleire utbyggingar som Johan Castberg, Oseberg, Snorre og Gullfaks, samt høgare enn venta driftsinvesteringar på fleire felt og anlegg. Auka er delvis motverka av lågare produksjonsboring på Draugen, Kvitebjørn, Åsgard og Visund.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 231 400 mill. kroner, til 662 900 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka olje- og gassprisar. Prisen på gass er auka frå

7,6 kr/Sm³ til 13,3 kr/Sm³ i forhold til førre anslag, medan prisen på olje er auka frå 885 NOK/fat til 1 014 NOK/fat.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 32 200 mill. kroner, til 73 100 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka utgifter til kjøp av tredjeparts gass som følgje av høgare gassprisar og tredjeparts gassvolum. Produksjonskostnadene auka også som følgje av høgare kraftkostnader og auka CO₂-kvoteprisar.

Anslag for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 300 mill. kroner, til 2 000 mill. kroner.

Anslag for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er auka med 100 mill. kroner, til 2 400 mill. kroner.

Endringane fører samla til at driftsresultatet anslått for SDØE er auka med 198 800 mill. kroner, frå 360 500 til 559 300 mill. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE er rekna ut til å auke med 197 900 mill. kroner, frå 361 900 mill. kroner til 559 800 mill. kroner.

Prisforutsetningar:

Produkt	Gjeldande forutsetningar for 2022	Nye forutsetningar for 2022
Olje (NOK/fat) – løpande	884,5	1 014
Olje (USD/fat) – løpande	99,3	104,9
Gass (NOK/Sm ³) – løpande	7,60	13,3
Kondensat (NOK/Sm ³) – løpande	5 563,6	5 648
Flytande petroleum, NGL (NOK/tonn) – løpande	6 906,9	6 961,8
Valutakurs (NOK/USD)	8,91	9,66

Kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg

Post 25 Forvaltning av mellombels lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina

Post 26 Forvaltning av mellombels lånegarantiordning i samband med høge strømprisar

Post 27 Forvaltning av luftgarantiordninga

Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) vil ha utgifter i 2023 til forvaltning av mellombels låneordning i samband med krigen i Ukraina, mellombels lånegarantiordning i samband med høge strømprisar og luftgarantiordninga. Det er likevel ikkje gjort framlegg om løyving på disse postane i Prop. 1 S for 2023, fordi det er venta at løyvingane for 2022 vil vere tilstrekkelege til å dekkje utgifter i 2023. For at ordningane skal kunne fungere som planlagt frå starten av 2023, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om stikkordet «kan overførast» på dei tre postane, jf. forslag til vedtak II, 6-8.

Kap. 2540 Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Basert på oppdaterte prognosar frå Garantikassa for fiskarar vil stønad under arbeidsløyse til fisk-

arar og fangstmenn bli om lag 70 mill. kroner. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner, frå 90 til 70 mill. kroner.

3 Omtale av forslag til inntektssendingar

Kap. 3902 Justervesenet

Post 01 Gebyrinntekter

Restriksjonar som følgje av koronapandemien i starten av 2022 medførte færre operative tilsyn frå Justervesenet. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 26,3 til 23,8 mill. kroner.

Post 03 Inntekter frå sal av tenester

Både restriksjonar som følgje av koronapandemien i starten av 2022 og utfordringar med vakan-sar har resultert i færre inntektsgivande oppdrag for Justervesenet. Vidare har fleire av dei nye forskingsprosjekta i det nye EU-partnerskapet innafor metrologi forsinka oppstart. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,2 mill. kroner, frå 27,4 til 22,2 mill. kroner.

Kap. 3904 Brønnøysundregistra*Post 01 Gebyrinntekter*

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 36,2 mill. kroner, frå 523,3 til 559,5 mill. kroner. Endringa er basert på nye framskrivingar av forventade gebyrinntekter. Dei nye framskrivingane tek omsyn til gebyrinntektene i 2021 og gebyrinntektene så langt i 2022.

Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet*Post 01 Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR*

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke gebyrinntektene med 2,8 mill. kroner. Årsaka er særleg ein auke i sertifikatpliktige fartøy som gjer auka årsgebyr og at forsinka byggeprosjekt no er ferdigstilt. Det har òg vore utsetjingar av tilsyn grunna koronapandemien i 2021, som har medført at variable gebyr har auka i 2022.

Departementet gjer ikkje framlegg om å auke løyvinga under kap. 910, post 01 ytterlegare som følgje av auka inntekter. Grunna forsinka bruk av midlane er ikkje dette naudsynt av omsyn til likviditetssituasjonen i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,8 mill. kroner, frå 227,2 til 230 mill. kroner.

Post 03 Ymse inntekter

Sjøfartsdirektoratet har ein meirinntektsfullmakt på denne posten som kan nyttast til å dekkje tilsvarende meirutgifter på kap. 910, post 01.

Med bakgrunn i auka inntekter og av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke i løyvinga med 5,5 mill. kroner, frå 450 000 kroner til 5,95 mill. kroner.

Post 04 Gebyr for skip i NIS

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner. Auken i årsgebyr har samanheng med fleire fartøy i NIS, og auken i førstegangsgebyr gjeld at forsinka byggeprosjekt no er ferdigstilt.

Departementet gjer ikkje framlegg om å auke løyvinga under kap. 910, post 01 ytterlegare som

følgje av auka inntekter. Grunna forsinka bruk av midlane er ikkje dette naudsynt av omsyn til likviditetssituasjonen i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner, frå 65 til 68 mill. kroner.

Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet*Post 01 Klagegebyr*

Inntektene gjeld klagegebyr på rådgjevande anskaffingssaker og ulovlege direkte anskaffingar behandla av Klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA). KOFA hadde motteke 125 saker per 30. september i år, mot 155 saker same tid i fjor. Fordelinga mellom rådgjevande klagesaker og ulovlege direkte anskaffingar, og at det blir tilbakebetalt gebyr i mange klagesaker, gjer det utfordrande å lage ein god prognose for inntekts-posten. Grunna færre saker så langt i år ventar Klagenemndssekretariatet at inntektene blir noko mindre enn tidlegare lagt til grunn.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 100 000 kroner, frå 900 000 til 800 000 kroner.

Post 02 Refusjonar og andre inntekter

Inntektene på posten gjeld refusjonar for KOFA-konferansen i 2022. I år vil inntektene bli nettoført mot utgiftene knytt til konferansen, grunna endringar i staten sitt økonomiregelverk. Klagenemndssekretariatet vil følgjeleg ikkje inntektsføre noko på posten i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 200 000 kroner, til 0.

Post 87 Lovbrotsgebyr

Inntektene på posten gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det er gitt brotsgebyr i ni klagesaker og innbetalt om lag 18,6 mill. kroner per 30. september i år. Det er uklart om det vil kome fleire innbetalingar i løpet av året, og i så fall kor mykje som vil bli innbetalt.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 8,6 mill. kroner, frå 10 til 18,6 mill. kroner.

Kap. 3917 Fiskeridirektoratet*Post 01 Refusjonar og ymse inntekter*

Fiskeridirektoratet har i 2022 hatt om lag 2 mill. kroner i fangstinntekt frå fiskeforsøk, som ikkje var medrekna i saldert budsjett. Inntekta frå naudsynt forskingsfangst går til staten. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, frå 1 til 3 mill. kroner.

Post 13 (ny) Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar

Ein viser til omtale under kap. 919, post 60. Regjeringa varsla i revidert nasjonalbudsjett 2022 om å kome tilbake til Stortinget med endeleg løyving etter at det var tildelt nye løyve til fastpris og gjennom auksjon hausten 2022. Auksjonen blei gjennomført i oktober 2022. Totalt vederlag frå tildeling til fastpris og auksjon blei om lag 3,94 mrd. kroner. I tillegg kjem vederlag frå konvertering av utviklingsløyve på om lag 230 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 4 173,8 mill. kroner.

Post 86 Forvaltningssanksjonar

Fiskeridirektoratet anslår at inntektene frå forvaltningssanksjonar i 2022 blir om lag 6 mill. kroner. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner, frå 10 til 6 mill. kroner.

Kap. 3923 Havforskningsinstituttet*Post 01 Oppdragsinntekter*

Løyvingane på kap. 3923, post 01 og kap. 923, post 21 skal vere like når det takast omsyn til uttrekk av meirverdiavgift. På grunn av for høgt uttrekk av mva. og avvik knytt til tidlegare ABE-kutt, er det behov for å justere inntektsløyvinga slik at ho er i tråd med utgiftsløyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med netto 6,8 mill. kroner, frå 445,9 til 439,1 mill. kroner.

Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap*Post 55 (ny) Tilbakeført kapital frå ordningar forvalta av Investinor*

Det blei ikkje budsjettert med tilbakebetaling av midlar frå ordningane med såkornfond og Koinvesteringsfondet for Nord-Norge i Saldert budsjett 2022. Det er likevel grunnlag for tilbakebetalingar. Investinor har motteke 400 000 kroner i proveny frå sal av to selskap i samband med avviklinga av Proventure Seed, som skal tilbakeførast til staten.

Midlar knytt til ordningar som blir forvalta av Investinor, blir plassert i rentefond. I 2021 ga dette 7,4 mill. kroner i avkasting, som skal tilbakeførast til staten. Det var ikkje budsjettert med eit slikt overskot i Saldert budsjett 2022.

Under pre-såkornordninga er det tilgjengeleg 2,3 mill. kroner for tilbakeføring. Her ligg det til grunn at tilbakeførte beløp skal nyttast til risikokapital til mandatet for fonds- og matchinginvesteringar. På grunn av beløpets beskjedne storleik foreslår Nærings- og fiskeridepartementet å vente med tilbakeføring av midlar frå pre-såkornordninga til det er gjort fleire slike tilbakebetalingar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på til saman 7,8 mill. kroner.

Post 92 (ny) Tilbakeført kapital, såkornfond

For såkornfond oppretta i perioden 2006-2009 er det i utgangspunktet føreset at låna skal bli tilbakebetalt etter 15 år. Det kan betalast avdrag på tidlegare tidspunkt. Levetida på 15 år gjer at fonda no er i avviklingsmodus. Dei tre fonda Kapnord Fond AS, Sarsia Seed AS og Proventure Seed AS blei avvikla i tidlegare år. Hittil i 2022 er det tilbakebetalt til saman om lag 34,1 mill. kroner i avdrag til Investinor frå dei fire gjenværande fonda i den distriktsretta ordninga. Koinvesteringsfondet for Nord-Noreg har hatt ei realisering i 2021 som gjer grunnlag for ei tilbakebetaling av 11,1 mill. kroner inkludert forvaltingshonorar til Investinor. I tillegg er det tilbakebetalt om lag 10 mill. kroner frå to av såkornfonda som blei oppretta etter 2014.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 55,2 mill. kroner i avdrag på lån til fonda.

Post 96 Sal av aksjar

Gjeldande budsjett er 25 mill. kroner i inntekt frå mogelege statlege aksjesal. Endelege og fullstendige beløp for dei einskilde aksjesala er føresett løyvd i løpet av budsjettåret når transaksjonane er avklarte eller gjennomførte, enten i egne proposisjonar eller i dei faste endringsproposisjonane i vår- og haustsesjonen.

Ambita AS

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Nærings- og fiskeridepartementet, selde departementet alle sine aksjar, tilsvarende 100 pst. av aksjekapitalen, i Ambita AS i mai 2021. Salssum for transaksjonen var om lag 963 mill. kroner. Av salssummen var 50 mill. kroner seljarkreditt med forfall i april 2022.

Aker Solutions ASA

Med grunnlag i fullmakt frå Stortinget, jf. Prop. 1 S (2021–2022) for Nærings- og fiskeridepartementet, selde staten ved Nærings- og fiskeridepartementet 2. november 2022 30 092 942 aksjar i Aker Solutions ASA for totalt 1 182 652 621 kroner. Dette svarer til 6,1 pst. av aksjane i selskapet og halvparten av departementet si beholdning før denne transaksjonen. Salet blei gjort gjennom ein auksjonsprosess, og oppnådd salspris per aksje blei 39,30 kroner.

Tilbakekjøpsavtalar

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap kan gi styret fullmakt til å kjøpe tilbake egne aksjar med føremål å slette desse aksjane på eit seinare tidspunkt. Slettinga inneber nedsetjing av selskapskapitalen og må vedtakast av ei ny generalforsamling. Dette er ein metode der eigenkapital blir ført tilbake til aksjonærene. Nærings- og fiskeridepartementet har dei siste åra inngått avtalar som forpliktar staten til å delta ved slike tilbakekjøp. Avtalane er utforma slik at staten sin eigardel blir uendra etter kapitalnedsetjinga. Avtalane er offentlege og regulerer òg utrekning av vederlaget til staten. Nærings- og fiskeridepartementet har inngått slike avtalar om tilbakekjøp med Yara International ASA, DNB Bank ASA og Kongsberg Gruppen ASA. Yara International ASA og DNB Bank ASA har ikkje nytta fullmakta i 2022.

Kongsberg Gruppen ASA

Generalforsamlinga i Kongsberg Gruppen ASA gav i mai 2021 styret i selskapet fullmakt til å erverve egne aksjar for eit samla vederlag på inntil 400 mill. kroner. Fram til generalforsamlinga 2022 kjøpte selskapet 760 125 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetjing og sletting av desse aksjane, og 760 249 aksjar frå staten, blei vedteke på den ordinære generalforsamlinga i Kongsberg Gruppen ASA i mai 2022. Etter at kapitalnedsetjinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på 190,9 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 50,004 pst.

Oppsummering

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 1 398,6 mill. kroner, frå 25 til 1 423,6 mill. kroner.

Kap. 3955 (nytt) Equinor ASA*Post 96 Sal av aksjar*

Generalforsamlinga i Equinor ASA gav i mai 2021 styret i selskapet fullmakt til å erverve inntil 227 272 727 egne aksjar, om lag 7 pst. av selskapet sin aksjekapital i marknaden og frå staten. Fram til generalforsamlinga 2022 kjøpte selskapet 27 131 791 egne aksjar i marknaden. Kapitalnedsetjing og sletting av desse aksjane, og 55 085 757 aksjar frå staten, blei vedteke på den ordinære generalforsamlinga i Equinor ASA i mai 2022. Etter at kapitalnedsetjinga blei sett i kraft, fekk staten utbetalt eit vederlag på 13 496,1 mill. kroner for dei innløyste aksjane. Staten sin eigardel er etter dette uendra på 67,0 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 13 496,1 mill. kroner.

Kap. 5325 Innovasjon Noreg*Post 90 Avdrag på utestående fordringar*

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for innlån under kap. 2421, post 90 ovanfor. Som følgje av høgare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2022, er det behov for å auke løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,7 mrd. kroner, frå 60,8 til 65,5 mrd. kroner.

Post 92 Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag

Som eit tiltak i møte med koronapandemien blei det våren 2020 oppretta ein mellombels låneordning for pakkereisearrangørar med ein ramme på 1,5 mrd. kroner. Det blei gitt tilsegn om lån for om lag 260 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til avdrag under ordninga med 29 mill. kroner, frå 20 til 49 mill. kroner. Auken har mellom anna samanheng med ekstraordinære avdrag på låna og ekstraordinære innfriingar av lån.

Kap. 5329 Eksportkredittordninga

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

Gjennom handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2022 er det løyvd 14,6 mrd. kroner til avdrag under eksportkredittordninga. Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) anslår at avdraga vil bli om lag 2,9 mrd. kroner høgare enn dette. Auken skuldast i hovudsak at Eksfin har endra praksis for tidspunkt for når erstatning blir betalt frå Alminneleg garantiordning til eksportkredittordninga, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022).

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,9 mrd. kroner, frå 14,6 til 17,5 mrd. kroner.

Post 95 Tilbakeføring av innskoten eigenkapital og likvidasjonsutbyte

Inntektene på posten gjeld endeleg avvikling av Eksportkreditt Noreg AS i oktober 2022. Rekneskapsen viser at det er ein gjenståande kapital på 26,6 mill. kroner. Denne kapitalen skal utdelast som likvidasjonsutbyte til aksjonærane, altså til staten som eig 100 pst. av aksjane.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,7 mill. kroner, frå 21,9 til 26,6 mill. kroner. Av dette utgjer opptente renter om lag 400 000 kroner.

Kap. 5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Sjå omtaler og forslag under kap. 2440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda.

Kap. 5460 Eksportfinansiering Noreg

Post 50 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring

Garantiordninga for re-forsikring av kredittforsikring blei avvikla 1. juli 2021. Då ordninga blei etablert, blei det løyvd eit tilskot til tap under ordninga på 1,62 mrd. kroner, jf. omtale i Prop. 117 S (2019–2020). I 2021 blei i alt 1,215 mrd. kroner av løyvinga ført tilbake til statskassa. Per 1. september 2022 står det att 351 mill. kroner av tapsavsetjinga. Som følgje av at det framleis er eksponering under ordninga, er det naudsynt å behalde deler av tapsavsetjinga, men Eksfin anslår at 250 mill. kroner kan bli ført tilbake i 2022.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 250 mill. kroner i 2022.

Post 51 (ny) Tilbakeføring av tapsavsetjing for risikoavlastingsordninga for garantiar for Reisegarantifondet

Risikoavlastingsordninga for garantiar for Reisegarantifondet blei avvikla 31. desember 2021. Då ordninga blei etablert, blei det løyvd eit tilskot til tap under ordninga på 420 mill. kroner, jf. omtale i Prop. 107 S (2020–2021). Per 1. september 2022 er tapsfondet ikkje nytta, mens uteståande garanti-ansvar og fordringar utgjer 75 mill. kroner. Eksfin har vurdert at det er mogleg å føre tilbake 380 mill. kroner av tapsavsetjinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 380 mill. kroner i 2022.

Post 90 Avdrag på uteståande utbetaling ifølgje trekkfullmakt

I Saldert budsjett 2022 blei det gitt ei løyving på 1 mill. kroner på posten. På grunn av erstatningsutbetalingar og at enkelte saker har teke lenger tid enn anteke, har delar av låna som Eksfin har trekt opp i 2022, blitt ført tilbake til statskassa.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med

1 499 mill. kroner, frå 1 mill. kroner til 1,5 mrd. kroner.

Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet

Post 74 Fiskeriforskningsavgift

Fiskeriforskningsavgifta utgjer 1,35 pst. av førstehandsomsetjinga for villfisk. Fiskeridirektoratet har utarbeidd oppdatert prognose for førstehandsverdien frå norske fiskeri. Det oppdaterte anslaget inneber auka inntekter frå fiskeriforskningsavgifta på 27 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 27 mill. kroner, frå 318 til 345 mill. kroner.

Inntektene frå fiskeriforskningsavgifta finansierer desse utgiftspostane:

- Kap. 917, post 22 Fiskeridirektoratet, Fiskeriforskning og -overvaking
- Kap. 919, post 76 Ymse fiskeriformål, Tilskot til fiskeriforskning
- Kap. 923, post 22 Havforskningsinstituttet, Fiskeriforskning og -overvaking

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at den auka inntekta blir fordelt på utgiftspostane ved at løyvinga på kap. 917, post 22 blir auka med 9,5 mill. kroner, og at løyvinga på kap. 923, post 22 blir auka med 17,5 mill. kroner.

Post 75 Tilsynsavgift Justervesenet

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, frå 26,7 til 29,2 mill. kroner. Endringa kjem av fleire utskrivne krav enn tidlegare lagt til grunn, i tillegg til innbetalingar frå avgifter for 2021.

Post 76 Kontrollavgift fiskeflåten

Basert på oppdaterte prognosar for førstehandsomsetjinga av fisk, anslår Fiskeridirektoratet at inntektene frå kontrollavgifta for fiskeflåten i 2022 vil bli om lag 45 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 4,5 mill. kroner, frå 40,5 til 45 mill. kroner.

Post 77 Sektoravgifter Kystverket

I samband med Stortinget si handsaming av Prop. 115 S (2021–2022), jf. Innst. 450 S (2021–2022), blei løyvinga redusert med 98 mill. kroner som

følgje av nedgangen i sjøtrafikken etter pandemien. Reduksjonen inneber 95,3 mill. kroner i lågare inntekter frå losavgifter og 2,7 mill. kroner i lågare inntekter frå tryggleiksavgiftene.

Trafikk- og inntektsutviklinga har vore positiv, og i einsskilde trafikksegment er trafikken tilbake på 2019-nivå. På bakgrunn av denne utviklinga gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 62 mill. kroner, der 60,5 mill. kroner gjeld høgare inntekter frå losavgifter og 1,5 mill. kroner høgare inntekter frå tryggleiksavgiftene.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 62 mill. kroner, frå 881 til 943 mill. kroner.

Kap. 5614 Renter frå Eksportfinansiering Noreg

Post 80 Renter frå lån til Alminneleg garantiordning

I Saldert budsjett 2022 blei det løyvd 95 mill. kroner i renter frå lån til Alminneleg garantiordning. På grunn av endring i anslag på opptrekk av lån blei anslaget på renter auka med 31 mill. kroner til 126 mill. kroner gjennom handsaminga av Innst. 450 S og Prop. 115 S (2021–2022). Nytt anslag på renter er 113 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 13 mill. kroner, frå 126 til 113 mill. kroner.

Post 81 (ny) Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA

Den norske stat deltar i eit evigvarande konvertibelt ansvarleg lån på om lag 1 231,6 mill. kroner (hybridlån) og eit rentefritt obligasjonslån på om lag 2 428 mill. kroner, med forfall i 2025 (50 pst.) og 2026 (50 pst.), til Norwegian Air Shuttle ASA (NAS). Det er halvårleg rentebetaling (1. juni og 1. desember) på hybridlånet, men NAS kan velgje å akkumulere påkomne renter på hovudstol framfor å utbetale renter til långevarane. Rentene som skal betalast på hybridlånet om seks månader, blir fastsett forskotsvis basert på seks månaders marknadsrente pluss ein fastsett margin. I juni fekk staten 22,1 mill. kroner i renteinntekter. Renteanslaget for desember er på 31,5 mill. kroner, men beløpet avheng av om NAS vel å akkumulere påkomne renter på hovudstol. Til saman er renteinntektene for 2022 anslått til 53,6 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 53,6 mill. kroner.

Kap. 5625 Renter og utbytte frå Innovasjon Noreg*Post 82 Låneordning for pakkereisearrangørar – renter*

Ein viser til omtale av låneordninga for pakke-reisearrangørar under kap. 5325, post 92. Mellom anna som følgje av ekstraordinære avdrag på lån og ekstraordinære innfriingar av lån er det anslått at renteinbetalningar under ordninga for 2022 vil auke til om lag 4,4 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner, frå 2,4 til 4,4 mill. kroner.

Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning*Post 85 Utbytte*

Ved handsaminga av Prop. 115 S og Innst. 450 S (2021–2022) blei løyvinga satt til 33 519,7 mill. kroner. Nye tal viser at utbytte frå selskapa vil bli 1 962,7 mill. kroner høgare. Utbytte frå Norsk Hydro AS, Yara International ASA og Baneservice AS blei høvesvis 1 027,8, 922,4 og 12,6 mill. kroner høgare. I tillegg er det enkelte andre mindre justeringar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1 962,7 mill. kroner, frå 33 519,7 til 35 482,4 mill. kroner.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA*Post 85 Utbytte*

Equinor ASA har utbetalt til saman 20 210,2 mill. kroner i utbytte til Nærings- og fiskeridepartementet for tredje og fjerde kvartal 2021 og første kvartal 2022. Styret i Equinor har for andre kvartal 2022 vedteke eit utbytte på 0,7 USD per aksje som kjem til utbetaling i år.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7 966,5 mill. kroner, frå 26 700 til 34 666,5 mill. kroner.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2022 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2022 under Nærings- og fiskeridepartementet

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	555 000
		frå kr 490 123 000 til kr 489 568 000	
	27	Etablering av støttereister, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	13 200 000
		frå kr 22 600 000 til kr 9 400 000	
	71	Miljøtiltak Raufoss, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 4 000 000 til kr 2 000 000	
	80	Kompensasjonsordning for utgifter til innreisekarantene ved bruk av utlandsk arbeidskraft, blir redusert med	3 500 000
		frå kr 5 000 000 til kr 1 500 000	
	82	Mellombels støtteordning for publikumsopne arrangement, blir redusert med	16 500 000
		frå kr 30 000 000 til kr 13 500 000	
902		Justervesenet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 128 120 000 til kr 126 120 000	
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	300 000
		frå kr 61 364 000 til kr 61 064 000	
	30	Sikrings- og miljøtiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	3 500 000
		frå kr 10 900 000 til kr 7 400 000	
	31	Miljøtiltak Løkken, <i>kan overføres</i> , blir redusert med.....	5 000 000
		frå kr 6 966 000 til kr 1 966 000	
907		Norsk nukleær dekommisjonering	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med	50 000 000
		frå kr 277 500 000 til kr 227 500 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
909		Tiltak for sysselsetjing av sjøfolk	
	73	Tilskot til sysselsetjing av sjøfolk, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 205 000 000 til kr 2 293 000 000	88 000 000
910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 454 641 000 til kr 460 141 000	5 500 000
912		Klagenemndssekretariatet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 35 127 000 til kr 39 527 000	4 400 000
917		Fiskeridirektoratet	
	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 119 170 000 til kr 128 670 000	9 500 000
919		Ymse fiskeriføremål	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 497 000 000 til kr 3 093 094 000	2 596 094 000
922		Romverksemd	
	51	Eigenkapital Andøya Space, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 112 650 000 til kr 127 250 000	14 600 000
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir redusert med frå kr 221 500 000 til kr 217 200 000	4 300 000
	71	Internasjonal romverksemd, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 501 500 000 til kr 517 300 000	15 800 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med..... frå kr 475 100 000 til kr 510 000 000	34 900 000
	76	Tilskot Andøya Space, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 11 300 000 til kr 56 500 000	45 200 000
	95	Eigenkapital Space Norway AS, blir redusert med..... frå kr 82 700 000 til kr 0	82 700 000
923		Havforskningsinstituttet	
	22	Fiskeriforskning og -overvaking, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 192 394 000 til kr 209 894 000	17 500 000
924		Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram	
	70	Tilskot, blir redusert med frå kr 295 245 000 til kr 35 245 000	260 000 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
940		Internasjonaliserings tiltak	
	21	Særskilte driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 14 960 000 til kr 12 460 000	2 500 000
	70	Eksportfremjetiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 45 650 000 til kr 35 000 000	10 650 000
941		Eksportstrategirådet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 3 200 000 til kr 5 700 000	2 500 000
950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	71	Tilskot til drift av Gruve 7, Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS, blir redusert med frå kr 40 800 000 til kr 0	40 800 000
	72	Tilskot til pensjonsforpliktingar, Mantena AS, blir redusert med frå kr 93 100 000 til kr 91 800 000	1 300 000
970		Kystverket	
	30	Nyanlegg og større vedlikehald, <i>kan overføres</i> , blir auka med..... frå kr 596 000 000 til kr 631 200 000	35 200 000
	60	Tilskot til fiskerihamneanlegg, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 35 200 000 til kr 0	35 200 000
2421		Innovasjon Noreg	
	71	Innovative næringsmiljø, <i>kan overføres</i> , blir redusert med..... frå kr 121 940 000 til kr 46 940 000	75 000 000
	75	Grøn plattform, <i>kan nyttast under post 50, 71 og 76</i> , blir redusert med frå kr 217 700 000 til kr 114 000 000	103 700 000
	76	Miljøteknologi, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 505 080 000 til 205 080 000	300 000 000
	78	Administrasjonsstøtte for distriktsretta såkornfond, blir auka med frå kr 975 000 til kr 1 530 000	555 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 61 600 000 000 til kr 69 000 000 000	7 400 000 000
2429		Eksportkredittordninga	
	90	Utlån, blir redusert med..... frå kr 6 000 000 000 til kr 5 000 000 000	1 000 000 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	30	Investeringar, blir auka med frå kr 27 000 000 000 til kr 28 000 000 000	1 000 000 000
2540		Stønad under arbeidsløyse til fiskarar og fangstmenn	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 90 000 000 til kr 70 000 000	20 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
3902		Justervesenet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med..... frå kr 26 331 000 til kr 23 831 000	2 500 000
	03	Inntekter frå sal av tenester, blir redusert med..... frå kr 27 353 000 til kr 22 153 000	5 200 000
3904		Brønnøysundregistra	
	01	Gebyrinntekter, blir auka med..... frå kr 523 314 000 til kr 559 514 000	36 200 000
3910		Sjøfartsdirektoratet	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir auka med..... frå kr 227 157 000 til kr 230 000 000	2 843 000
	03	Ymse inntekter, blir auka med..... frå kr 450 000 til kr 5 950 000	5 500 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med..... frå kr 64 963 000 til kr 68 000 000	3 037 000
3912		Klagenemndssekretariatet	
	01	Klagegebyr, blir redusert med..... frå kr 900 000 til kr 800 000	100 000
	02	Refusjonar og andre inntekter, blir redusert med..... frå kr 200 000 til kr 0	200 000
	87	Lovbrottsgebyr, blir auka med..... frå kr 10 000 000 til kr 18 600 000	8 600 000
3917		Fiskeridirektoratet	
	01	Refusjonar og ymse inntekter, blir auka med..... frå kr 1 000 000 til kr 3 000 000	2 000 000
	13 (ny)	Inntekter vederlag oppdrettskonsesjonar, blir løyvd med	4 173 800 000

Kap.	Post	Nemning	Kroner
	86	Forvaltningssanksjonar, blir redusert med.....	4 000 000
		frå kr 10 000 000 til kr 6 000 000	
3923		Havforskningsinstituttet	
	01	Oppdragsinntekter, blir redusert med	6 841 000
		frå kr 445 900 000 til kr 439 059 000	
3950		Forvaltning av statleg eigarskap	
	55 (ny)	Tilbakeført kapital frå ordningar forvalta av Investinor, blir løyvd med	7 800 000
	92 (ny)	Tilbakeført kapital, såkornfond, blir løyvd med	55 200 000
	96	Sal av aksjar, blir auka med	1 398 553 000
		frå kr 25 000 000 til kr 1 423 553 000	
3955	(nytt)	Equinor ASA	
	96	Sal av aksjar, blir løyvd med	13 496 100 000
5325		Innovasjon Noreg	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med.....	4 700 000 000
		frå kr 60 800 000 000 til kr 65 500 000 000	
	92	Låneordning for pakkereisearrangørar – avdrag, blir auka med	29 000 000
		frå kr 20 000 000 til kr 49 000 000	
5329		Ekspportkredittordninga	
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med.....	2 900 000 000
		frå kr 14 600 000 000 til kr 17 500 000 000	
	95	Tilbakeføring av innskoten eigenkapital og likvidasjonsutbyte, blir auka med	4 700 000
		frå kr 21 900 000 til kr 26 600 000	
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	662 900 000 000
		2 Driftsutgifter	-73 100 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 000 000 000
		4 Avskrivningar	-26 100 000 000
		5 Renter av staten sin kapital	-2 400 000 000
			<hr/> 559 300 000 000
	80	Renter av staten sin kapital, blir auka med	100 000 000
		frå kr 2 300 000 000 til kr 2 400 000 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
5460		Eksportfinansiering Noreg	
	50 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing for garantiordning for re-forsikring av kredittforsikring, blir løyvd med	250 000 000
	51 (ny)	Tilbakeføring av tapsavsetjing for risikoavlastingsordninga for garantiar for Reisegarantifondet, blir løyvd med	380 000 000
	90	Avdrag på utestående utbetaling ifølgje trekkfullmakt, blir auka med frå kr 1 000 000 til kr 1 500 000 000	1 499 000 000
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet	
	74	Fiskeriforskningsavgift, blir auka med..... frå kr 318 000 000 til kr 345 000 000	27 000 000
	75	Tilsynsavgift Justervesenet, blir auka med	2 500 000
		frå kr 26 650 000 til kr 29 150 000	
	76	Kontrollavgift fiskeflåten, blir auka med	4 500 000
		frå kr 40 500 000 til kr 45 000 000	
	77	Sektoravgifter Kystverket, blir auka med	62 000 000
		frå kr 881 000 000 til kr 943 000 000	
5614		Renter frå Eksportfinansiering Noreg	
	80	Renter frå lån til Alminneleg garantiordning, blir redusert med..... frå kr 126 000 000 til kr 113 000 000	13 000 000
	81 (ny)	Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA, blir løyvd med	53 600 000
5625		Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg	
	82	Låneordning for pakkereisearrangørar – renter, blir auka med..... frå kr 2 400 000 til kr 4 400 000	2 000 000
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvalting	
	85	Utbyte, blir auka med..... frå kr 33 519 700 000 til kr 35 482 400 000	1 962 700 000
5685		Aksjar i Equinor ASA	
	85	Utbyte, blir auka med..... frå kr 26 700 000 000 til kr 34 666 500 000	7 966 500 000

II

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 27 Etablering av støtteregister
2. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 919 Ymse fiskeriføremål, post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar
3. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 922 Romverksemd, post 71 Internasjonal romverksemd
4. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 940 Internasjonaliseringstiltak, post 70 Eksportfremjetiltak
5. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 2421 Innovasjon Noreg, post 77 Tilskot til verksemdar som har hatt inntektsfråfall i samband med krigen i Ukraina
6. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg, post 25 Forvaltning av mellombels lånegarantiordning i samband med krigen i Ukraina
7. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg, post 26 Forvaltning av mellombels lånegarantiordning i samband med høge straumprisar
8. stikkordet «kan overførast» tilføyast kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg, post 27 Forvaltning av luftgarantiordninga
9. stikkordet «kan nyttast under post 21» tilføyast kap. 923 Havforskningsinstituttet, post 01 Driftsutgifter

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2022 kan:

1. gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
2421		Innovasjon Noreg	
	71	Innovative næringsmiljø	75 mill. kroner
	75	Grøn plattform	585 mill. kroner
	76	Miljøteknologi	1 050 mill. kroner

2. gi tilsegn om tilskot til tapsavsetjing for norsk deltaking i InvestEU med inntil 1 822 mill. kroner under kap. 924 Internasjonalt samarbeid og utviklingsprogram, post 70 Tilskot, og fråvike stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av tilskot før det er behov for å dekkje dei aktuelle utgiftene.

